



Liste

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/740 - 15/12092

Saksbehandlar:

Monika Soltveit Gabrielli

monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:

12.10.2015

## Informasjon til bøsseberarar

**Takk for at du tok på deg å vera bøsseberar på denne nasjonale dugnaden for Regnskogfondet!**

TV-aksjonen 2015 skal gå til deira arbeid med å ta vare på eit regnskogområde som er større enn Norge og Danmark til saman.

*Aksjonskomiteen for kommunen sin innsamlingsaksjon har i år vore sett saman av: Jon Askeland (leiar), Tore Villanger, Ludvig Grindheim, Silje Namtvedt, Torill Helland og Monika Gabrielli (sekretær).*

### Hugseliste:

**1. Få tak i bøssa:** Du må anten henta bøssa sjølv på rådhuset, eller du avtalar med rodeleiaren din om å få materiellet heim. Me ønskjer at flest mogleg hentar og kvitterer ut materiellet sjølv. Dette kan gjerast **på rådhuset torsdag 15. oktober kl. 14.00 - 15.30 eller fredag 16. oktober kl. 12.00-17.00.**

**2. Sjølve innsamlinga:** Søndag 18. oktober kl. 15.00 er det felles start for bøsseberarar. Det er viktig at du besøker **ALLE husstandane** på ruta di (sjølvsagt berre om tida strekk til). Hugs å vera legitimert med ID-kort godt synleg på ytterkleda. Dersom folk ikkje er heime, legg att meldingslapp (vert utdelt saman med bøssene) om at du har vore der. Born under 18 år, skal normalt ikkje gå åleine med bøssa.

**3. Innlevering av bøssa:** På rodelista (vedlagt) står det informasjon **om kvar og til kven** du skal levera bøssa (anten til rodeleiar eller direkte til Sparebanken Vest på Manger). Dersom du leverer direkte i banken, skal den leverast **mellom kl. 17.00 og 18.00.** Det er viktig at **du sjekkar at innleveringa di er registrert.**

4. Har du spørsmål? Kontakt rodeleiaren din.

Med helsing

Jon Askeland  
Leiar i TV-aksjonskomiteen

Monika Soltveit Gabrielli  
Sekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Liste